

Tilsvar

Tilsvar i sak om foreldreansvar,
og/eller kven barnet skal bu fast hos,
og/eller samvær, jf. barnelova § 58.

Alle felt merka * må fyllast ut

1. Domstol	
Skriv inn namnet på domstolen *	Skriv inn domstolen sitt saksnummer (sjå stempel på stemning)

2. Saksøkjar		
Fullt navn*		Navn prosessfullmektig/advokat

3. Saksøkt (dine personalia)			
Fullt navn *		Fødselsdato	
Bustadsadresse *		E-postadresse	
Postnummer *	Poststad *	Telefon privat	Telefon mobil
Namn prosessfullmektig/advokat		Adresse prosessfullmektig/advokat	

4. Barnet/barna som saka gjeld			
Barnet sitt navn *	Fødselsdato *	Adresse *	Postnr./Poststad *

5. Kva tvisten/usemjå gjeld (set eitt eller fleire kryss) *			
Foreldreansvar	<input type="checkbox"/>		
Kven barnet/barna skal bu fast hos	<input type="checkbox"/>		
Samvær	<input type="checkbox"/>		

6. Ditt syn på saka/kravet til saksøkjaren*

Ved plassmangel, skriv grunngjevinga på eige ark og legg det ved skjemaet.

7. Eventuelle bevis som du ønskjer ført

8. Påstanden din *

Døme på påstand:

- NN skal ha foreldreansvar for AA født ..., eller NN og YY skal ha felles foreldreansvar for AA født ...
- AA født ... skal bu fast hos NN
- AA født ... skal ha samvær med NN til følgjande tidspunkt : ...

9. Vedlegg

Tal vedlegg

10. Underskrift *

Dato	Stad	Signatur

Rettleiing

Tilsvar

Tilsvar i sak om foreldreansvar,
og/eller kven barnet skal bo fast hos,
og/eller samvær, jf. barnelova § 58

Innleiing

Tilsvar er saksøkte sitt svar på ei stemning. Stemninga er saksøkjaren si oppmodning til retten om å ta ei sak opp. Den viser også saksøkjaren sine krav i saka. Kva tilsvaret skal innehalde, følgjer av barnelova § 58 andre ledd. For at tilsvaret skal fylle vilkåra lova stiller, samt gi domstolen dei nødvendige opplysningane, må felta merka med stjerne * fyllast ut.

Skjemaet er utforma med tanke på kva eit tilsvar vanlegvis bør innehalde. Ønskjer du å opplyse domstolen om andre tilhøve/krav enn skjemaet gir rom for, kan dette gjerast på eige ark. Det er også mogleg å fremje tilsvar utan å bruke dette skjemaet.

Treng du hjelp til utfylling av skjemaet kan du vende deg til domstolen.

1. Domstol

Skriv inn namnet på domstolen, og eventuelt domstolen sitt saksnummer. Se stempel på stemninga.

2. Saksøkjar

Saksøkjar er nemninga som blir brukt på den som reiser sak for retten. Skriv inn saksøkjaren sine personalia.

3. Saksøkt (dine personalia)

Du blir omtala som saksøkt når sak er reist mot deg. Skriv inn dine personalia.

Du står fritt til om du vil ha hjelp av advokat.

4. Barnet/barna som saka gjeld

Skriv inn personalia til barnet/barna.

5. Kva tvisten/usemja gjeld

Oppgi kva usemja mellom foreldra gjeld ved å setje eitt eller fleire kryss.

6. Ditt syn på saka/saksøkjaren sitt krav

Gjer kort greie for korleis du ser på saka/kva syn du har på saksøkjaren si påstand i stemninga. Oppgi også kva dere eventuelt er samde om. Gi ei grunngjeving for synspunkta dine. Viss du meiner at saka ikkje kan fremjast, opplyser du om det med ei kort grunngjeving. Med mindre det er tilstrekkeleg opplyst i stemninga, kan du kort opplyse om korleis situasjonen er i dag med omsyn til foreldreansvar, kor barnet bur fast og/eller samvær. Du kan også opplyse om kva grunnlag dagens ordning byggjer på (til dømes avtale, rettsforlik eller dom).

Avgjerd om foreldreansvar, om kven barnet skal bu fast hos, og om samvær, skal først og fremst rette seg etter det som er best for barnet, jf. barnelova § 48. Kva som er best for barnet blir avgjort ut frå ei samla vurdering med utgangspunkt i barnet sine behov. Moment som kan tilleggjast vekt er mellom anna:

- best mogleg samla foreldrekontakt
- den enkelte forelderen si omsorgsemne
- den enkelte forelder sine moglegheiter for omsorg i tida fremover
- stabile forhold i heimen
- risiko ved miljøskifte
- barnets tilknyting til søsken
- barnet si meining
- den kjenslemessige tilknytinga barnet har til kvar av foreldra

7. Eventuelle bevis som du ønskjer skal førast

Skriv opp eventuelle bevis som du ønskjer å føre (vitne, sakkunnige vitne, dokument). Ønskjer du å føre vitne, må du kort gjere greie for kva dei skal forklare seg om. Skriftlege dokument som er utarbeidd i høve saka blir berre tillete ført som bevis dersom saksøkjaren samtykkjer.

8. Påstanden din

Her skal du så presist som mogleg formulere kva du meiner retten si avgjerd bør gå ut på.
Døme på påstand finner du i det grå feltet under punkt 8 i skjemaet.

9. Vedlegg

Oppgi det samla talet på vedlegg.

10. Underskrift

Tilsvaret må underskrivast og daterast.